

Vedtekter for SFO i Vang

Gjeldande frå 1.august 2023.

Vedtatt HUL 16.2.2023



VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I VANG KOMMUNE

Gjeldande frå 1. august 2023.

§ 1 EIGARFORHOLD

Vang kommune er eigar og står for drifta av skulefritidsordninga (SFO) med heimel i Opplæringslova § 13-7. Hovudutval for levekår har fått delegert ansvar for forvaltning og tilsyn. SFO blir drive i samsvar med lover, forskrifter, statlege retningslinjer og kommunale vedtak.

§ 2 SFO-TILBODET - FORMÅL OG INNHALD

Skulefritidsordninga er eit tilbod for barn på 1.-4. årstrinn og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for lek, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår.

Skulefritidsordninga sitt verdigrunnlag og innhald skal vere i tråd med «forskrift om rammeplan for skulefritidsordningen» og lokal årsplan for SFO.

- SFO-tilbudet i skuleåret har noko organisert aktivitet og noko fri lek og er i hovudsak på skulen sitt område.

- SFO- i skulen sin ferie: Tilbudet er heile dagar og skal ha ein del organisert aktivitet for barna. Tilbudet kan organiserast på skulen med nærområde eller på anna avtala og forsvarleg stad. Ferie-tilbudet kan organiserast som eit kommunalt tilbod eller kommunen kan kjøpe eit privat aktivitetstilbod, eller det kan vere ein kombinasjon av dette.

§ 3 SØKNAD – OPPTAK

SFO-tilbudet i skuleåret: SFO-tilbudet blir kunngjort ein gong i året med søknad til eit hovudopptak for neste skuleår. Skuleadministrativt system Visma Flyt Skole skal nyttast ved innsøking. Det kan søkast på morgon og ettermiddag faste vekedagar. Hovudutval for levekår er ansvarleg for opptak etter tilråding frå kommunalsjef og skuleleiinga. Søknadsfrist for hovudopptaket er i perioden mars – april.

SFO- i skulen sin ferie:

Opptak til SFO-tilbod i skuleferien for sommarferie, haustferie og vinterferie blir kunngjort 2-1,5 månad før aktuell ferie. SFO i sommarferien er ikkje eit tilbod til neste skuleårs 1. klassingar (skulestartarar). Søknadsfrist for sommarferie-vekene er ca 1,5 månader før første ferieveke. Søknadsfrist for haustferie og vinterferie er 3-4 veker før aktuell ferie.

§4 OPPTAKSPERIODE, OPPTAKSKRITERIUM OG OPPSEIING

Opptaket for skuleåret gjeld for eitt skuleår av gongen. Opptak i SFO i skuleferien gjeld for heile veker eller 1,5 dag gratisplass for 1. og 2. klasse.

Det må vere minimum 4 påmelde barn ved opptaket for at det blir satt i gang eit SFO-tilbod.

Dersom SFO-opptaket må avgrensast skal følgjande kriterium gi prioritet for SFO-plass i hovudopptaket:

- Føresette som ønskjer SFO-plass etter tilråding frå sakkunnig instans som til døme barnevern, PPT eller habiliteringtenesta.

Oppseiing av SFO-plass skal vere skriftleg til skulen eller kommunen seinast 1 månad før barnet skal takast ut.

Det er høve til å få opphald enkeltdagar. Skulen vurderer i kvart tilfelle om dei har kapasitet.

Dersom det er plass innafor oppsett bemanning, kan barn få plass etter påmeldingsfristen. Inntaket vil under elles like vilkår skje etter søknadsdato.

§5 SFO-Plassar og foreldrebetaling

Det er følgende plass-kategoriar og foreldrebetaling i SFO frå skuleåret 2023-24:

-SFO-plass i skuleåret (aktuelle dagar registrerast i Visma Flyt Skole):	- gratis.
-SFO-enkeltdag i skuleåret	- gratis
-SFO-plass, 1,5 dag i ferieveke, 1. og 2. klasse	-gratis
-SFO-plass i ferieveke, 1. og 2.klasse, pr. 21.8.2023 (12 t gratis):	-kr 1172,- pr. veke
-SFO-plass i ferieveker, 3. og 4. klasse, pr. 21.8.2023 :	- kr 1675,- pr. ferieveke

Ved oppseiing av SFO-plass i ferie som er bestilt ved bindanede påmelding, blir plassen fakturert uavhengig av bruk.

Kommunestyret, eller den dei delegerer det til, fastsett foreldrebetaling for ordinære plassar og heile ferieveker, så langt det ikkje finnast førande betalingsbestemmingar frå overordna myndigheiter.

Ved for sein henting blir det kravd eit gebyr på kr. 90,- pr. oppstarta nytt kvarter.

§6 SØSKENMODERASJON

Det blir gitt 30 % søskenmoderasjon for det andre barnet og 50 % for det tredje og fleire barn. Søskenmoderasjon blir gitt til den/dei dyraste SFO-plassen/plassane. Søskenmoderasjon gjeld frå 1.8.2023 også SFO-tilbodet i feriar.

§ 7 BETALINGSFRIST

Foreldrebetaling må skje innan fastsett tid. Dersom betaling uteblir etter vanleg innkrevjingsprosedyre, mister barnet plassen for resten av skuleåret. Det kan søkjast om opptak att etter vanlege reglar når rekninga er betalt.

§ 8 BETALINGSFRITAK

Dersom eit barn har vore borte 2 veker eller meir p.g.a. sjukdom eller andre særskilde årsakar, kan føresette søke om fritak for betaling. Ferie vil til vanleg ikkje frita for betaling. Betalingsfritak blir vurdert og eventuelt innvilga av kommunalsjefen.

§ 9 MAT

Kommunen kan krevje betaling for kost.

§ 10 LEIKE OG OPPHALDSAREAL

VBU: SFO-rom + klasserom, ca. 106 m², bibliotek, kulturrom, symjehall, fleirbrukshall garderobe, ca. 3,5 mål uteområde.

§ 11 OPPHALDSTID OG OPNINGSTID

SFO-tilbodet i skuleåret: måndag – fredag frå kl. 07.15 fram til skulestart og frå skuleslutt til kl. 16.30. Tilbodet blir reelt dei morgonar og ettermiddagar som min. 4 barn er påmelde ved hovudopptaket.

SFO-tilbodet i skuleferien:

Opningstid: måndag – fredag kl. 08.00 – 16.00.

-2 veker i juni (etter skuleslutt) og 1 veke i august. Det er ikkje SFO-tilbod på planleggingsdagar.

- 1 veke i haustferie (veke 41)

- 1 veke i vinterferie (veke 9).

Tilbodet blir reelt dei ferievekene som min. 4 barn er påmelde innan søknadsfristen.

§ 12 BEMANNING OG LEIING

Rektor ved skulen er skulefritidsordninga sin leiar, jf. Opplæringslova § 13-7. Rektor kan delegerare oppgåver til ein som får ansvar for den daglege drifta av SFO. Retningsgivande bemanningsnorm er ein assistent for 12 elevar. Det må til ei kvar tid vere forsvaret bemanning ved SFO-tilbodet.

§ 13 FORSIKRING

Kommunen teiknar ansvars- og ulykkesforsikring som gjeld for den tida barna er i skulefritidsordninga.

§ 14 TEIEPLIKT

Alt personale har teieplikt etter § 13 i Forvaltningslova.